

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/9716-2

Klage over avslag på søknad om oppsetjing av reklameskilt – Partiet Dei Kristne Fjaler

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:

Klagen frå Partiet Dei Kristne Fjaler v/Magnar Hellesøy vert ikkje teken til følgje.

Vedlegg:

Oversendingsbrev frå Statens vegvesen Region vest med vedlegg (søknad, avslag på søknad, klage på avslag, bilde av reklameplakat, notat frå regionvegkontoret, oversynskart, vegbilete)

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I høve kommunevalet 2015 søkte Partiet Dei Kristne Fjaler v/Magnar Hellesøy om å få setje opp reklameplakatar langs fylkesveg 57 i Fjaler kommune frå 14.08.15 til 15.09.15. Søknaden gjaldt to plakatar på 100x120 cm, montert på pallar som skulle stå på høgkant. Den aktuelle vegstrekninga har fartsgrense 80 km/t.

Statens vegvesen Region vest av slo søknaden ved vedtak i brev av 14.08.15. Avslaget er grunn-gjeve med at reklame kan vere trafikkfarleg då det tek fokuset bort frå trafikken. Region-vegkontoret viste særskilt til at reklamen var tenkt sett opp i 80-sone. Avslaget er vidare grunn-gjeve med at eit eventuelt løyve i denne saka kan skape presedens for liknande saker i framtida. Dette kan vidare føre til mykje reklame langs vegen, noko som er svært uheldig.

Partiet Dei Kristne Fjaler v/Lokallagsleiar Magnar Hellesøy klaga på avslaget ved brev av 18.08.15.

Regionvegkontoret har ikkje funne grunnlag for å ta klagen til følgje, og har sendt saka over til fylkeskommunen som klageinstans ved brev av 21.09.

Fylkesutvalet har funksjonen som klagenemnd etter forvaltningslova § 28, jf. delegeringsreglementet punkt 1.4.3.

2. Klagaren har i hovudsak gjort gjeldande

Den eine reklameplakaten er ønskt sett opp langs ei smal vegstrekning, og den andre plakaten i nærleiken av eit vegkryss. Partiet meiner at sjølv om fartsgrensa er 80 km/t tilseier tilhøva på staden at ein må køyre varsamt på strekninga, og stoppe for motgåande trafikk. Reklameskilta vil såleis ikkje vere til sjananse eller overraske og uroe bilførarane.

Partiet kan ikkje sjå at det er uheldig om fleire søker om å få setje opp reklame så lenge reklamen blir plassert meir enn fem meter frå vegen. Då det berre er valkamp ein avgrensa

periode annakvart år meiner Partiet Dei Kristne Fjaler at denne type reklame ligg innanfor rāmene av det forsvarlege.

3. Vurderingar og konsekvensar

3.1 Spørsmål om avvising av klagen

Dersom vilkåra for å handsame klagen ikkje ligg føre skal klageinstansen avvise saka.

Partiet Dei Kristne Fjaler v/Magnar Hellesøy søkte om å få setje opp reklameskilt i samband med valkampen, nærare bestemt frå 14.08.15 til 15.09.15. Saka vart sendt frå regionvegkontoret til fylkeskommunen 21.09.15, det vil seie etter at valkampen var over. Sakshandsamar hjå fylkes-rådmannen har kontakta Magnar Hellesøy med spørsmål om Partiet Dei Kristne Fjaler likevel opprettheld klagen. Klagar ønskjer at klagen skal handsamast sjølv om valkampen er over.

Partiet Dei Kristne Fjaler v/Magnar Hellesøy er part i saka, og har klagerett etter forvaltningslova § 28. Det er rekna som gjeldande rett at klageinstansen må realitetshandsame klage frå part jamvel om parten ikkje lenger har eit aktuelt behov for å få avklart spørsmålet. Fylkesutalet må difor realitetshandsame klagen til Partiet Dei Kristne Fjaler sjølv om valkampen er over.

3.2 Realitetshandsaming av klagen

Partiet Dei Kristne Fjaler ønskte å setje opp reklameskilt langs fylkesveg 57. Oppsetjing av slik reklame er løyvepliktig etter veglova § 33, som lyder:

«Reklameskilt eller liknande innretning må ikkje utan løyve plasserast ved offentleg veg eller plasserast slik at dei er retta mot vegtrafikken eller er synleg for dei vegfarande. [...] Løyve kan gjevast inntil vidare eller for ei avgrensa tid dersom vegstyremakta finn at reklameskiltet eller innretninga ikkje vil vere trafikkfarleg. Som trafikkfarleg reklame reknar ein innretning som kan takast for trafikksignal, vegskilt eller vegmerking, eller hindre den frie sikta langs vegen, eller som kan trekkje dei vegfarande si merksemd vekk frå vegen eller trafikken.»

Problemstillinga i denne saka er om reklameskilta som partiet ønskte å setje opp kan trekkje bilførarane si merksemd vekk frå vegen eller trafikken.

Vegdirektoratet har utarbeida ei handbok som er rettleiande for handsaming av søknadar om oppsetjing av reklame langs offentleg veg, Handbok V323.

http://www.vegvesen.no/attachment/61470/binary/964044?fast_title=H%C3%A5ndbok+V323+Reklame+og+trafikkfare.pdf

I handboka er det presisert at faren for at distraksjon skal føre til ulykker aukar når hastigheita er høg og trafikkmiljøet er krevjande. På bakgrunn av dette har Vegdirektoratet oppstilt rettleiande utgangspunkt for vurderinga av distraksjonsfare. Der fartsgrensa er 80 km/t er det enten avgrensa rom for løyvepliktig reklame, eller ikkje rom for løyvepliktig reklame i det heile. Det må gjerast ei konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle med vekt på køyremønster, trafikkettleik og ulykkesfrekvens.

Statens vegvesen Region vest konkluderte med at reklameskilta ville vere trafikkfarlege, og at dei difor ikkje kunne gje løyve til oppsetjing av reklameskilta. Regionvegkontoret skriv følgjande i oversendingsbrevet:

«Begge dei to stadane som søkjar ynskjer å sette opp reklamen ved har særtrekk som kan vere krevjande for trafikantane. Det første punktet sør for Flekke ligg like ved eit relativt komplisert kryssområde med eit firearma kryss, og fleire nærliggande avkøyrslar. Det andre punktet ved Dalsfjorden ligg på ei smal og kurverik strekning der trafikanten bør fokusera på kva retning vegen går vidare, og om det kjem møtande trafikk. Vegbilder frå begge punkta er lagt ved.»

Regionvegkontoret syner også til at dei aktuelle strekningane har litt høgare ulykkesfrekvens enn det ein kan forvente på slike strekningar, noko som også talar mot oppsetjing av reklame på strekningane.

Klagar meiner på si side at tilhøva tilseier at ein uansett må køyre varsamt på strekningane, og at reklameskilta difor ikkje vil vere til sjenanse eller uroe bilistane.

Fylkesrådmannen er samd med regionvegkontoret i at tilhøva på staden ikkje talar for omgjerung av vedtaket, men at tilhøva derimot talar for å stadfeste vedtaket. Fylkesrådmannen sluttar seg til regionvegkontoret si vurdering av at det på dei aktuelle strekningane er svært viktig at fokuset er på vegen og den møtande trafikken, for å unngå trafikkfarlege situasjonar.

Statens vegvesen Region vest har også peika på at denne saka kan skape uheldig presedens, medan klagar syner til at det er valkamp berre i ein avgrensa periode annakvart år. Fylkesrådmannen sluttar seg til regionvegkontoret sitt synspunkt. I handboka blir det framheva at likehandsaming i reklamesaker er avgjerande for å vinne allmenn forståing for handheving av reglane. Fylkesrådmannen påpeikar at reklamen sitt budskap ikkje er av tyding for vurderinga av om reklamen er trafikkfarleg eller ikkje. Denne saka vil ikkje berre ha tyding for andre søknadar om reklame i samband med valkamp, men også saker som gjeld meir permanent reklame.

4. Konklusjon

Etter fylkesrådmannen sitt syn kan oppsetjing av reklameskilt på dei aktuelle strekningane trekkje bilførarane si merksemd vekk frå vegen eller trafikken. Reklameskilta vil såleis vere trafikkfarlege. Fylkesrådmannen rår difor fylkesutvalet som klagenemnd til å stadfeste vedtaket til Statens Vegvesen Region vest.